# MØTEBOK
## Rådsmøte i Hardangerrådet iks
**Dato: Torsdag 14.09.2017**
**Klokka 09.00 – 15.00**
**Stad: Ulvik heradshus, Ulvik**

Til stades:

| | |
|---|---|
| Eidfjord kommune: | Ordførar Anved Johan Tveit |
| Granvin herad: | Ordførar Ingebjørg Winjum |
| Jondal kommune: | Ordførar Jon Larsgard – Rådsordførar |
| Kvam herad: | Ordførar Jostein Ljones |
| Ullensvang herad: | Ordførar Solfrid Borge |
| Ulvik herad: | Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordførar |
| | |
| Rådmannsforum: | Rådmann Reidar Isdal |
| Administrasjonen: | Dagleg leiar Jostein Eitrheim |

Forfall:

| | |
|---|---|
| Odda kommune: | Ordførar Roald Aga Haug |
| Administrasjonen: | Konsulent Trude Rinaldo |

**Agenda:**
09.00 – 11.30 Sakshandsaming
11.30 – 12.30 Lunsj
12.30 – 15.00 Sakshandsaming

**Merknader til innkalling eller sakliste:**
Utsending

**Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordførar:**
Anved Johan Tveit og Solfrid Borge

**Saker til handsaming i Regionrådet:**
Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Saker til handsaming:**

**HR-sak** **25/17 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 33/16.**

- Filmopptak i Hardanger. Midlar frå kommunane ?
- Vigsel hos ordførar. Inntekter – krav til lokale o.a.
- Samling Hardanger og Sunnhordland ifm. Solstrandsamlinga til Fylkesmannen
- Søknad frå Kvinnherad kommune om medlemskap i RHF.
- Stenging av Hardangerbrua ifm. Filmopptak

**HR-sak 26/17 Meldingar**

**Vedtak:**
Meldingane vert tekne til vitande.

**HR-sak 27/17 Hardangerrådet frå 01.01.2020**
**Arbeidsgruppe og mandat for vidare arbeid.**

Rådet drøfta kva prosess ein bør leggja opp til i denne saka. Viktig at prosessen vert forankra på ordførarnivå. Dette gjeld også for Nye Voss. Hardangerregionen må styrkjast gjennom denne prosessen og det er mange fellessaker å ta fatt i. Tidsfrist for Fase 1 bør utsetjast noko. Viktig å fokusera på konkrete gevinstar og kva som kan styrkja og samla den nye Hardangerregionen. Neste Regionrådsmøte (19. oktober) kan med fordel gjerast til eit fellesmøte med rådmenn der grunnlaget for prosessen kan forankrast på ein god måte. Viktig at medlemmene i regionrådet gjev innspel til arbeidsgruppa.

**Vedtak:**

Regionrådet oppnemner slik arbeidsgruppe for «Hardangerrådet frå 2020»:

1. Rådsordførar
2. Rådsvaraordførar
3. Ordførar i Voss kommune
4. Ordførar i Granvin herad

Sekretær: Dagleg leiar i Hardangerrådet

**Mandat:**
Arbeidsgruppa skal:

**Fase 1** innan 01.02.2018: Leggja fram for Regionrådet ei kartlegging som syner målbare gevinstar for både Hardanger og Voss ved ei utviding av Regionsamarbeidet i Hardanger. Arbeidsgruppa presenterer rapport for Regionrådet i møte 01.02.2018. Denne rapport dannar grunnlaget for mogeleg vidare prosess omkring utviding av regionsamarbeidet og tilhøyrande ny selskapsavtale.

**Fase 2** innan 1.10. 2018: Regionrådet handsamar «Plan for utviding av regionsamarbeidet i Hardanger» og vedtek evt. vidare prosess for utviding av Hardangerrådet til å omfatta også Voss herad. Slikt vedtak må leggjast fram for stadfesting kvart kommune-/heradsstyre.

Regionrådet avgjer om prosessen i arbeidsgruppa skal avsluttast etter Fase 1.

**HR-sak** **28/17 Møteplan 2018 for Hardangerrådet.**

**Vedtak:**

| 2018 | Jan. | Feb. | Mars | April | Mai | Juni | Sept | Okt. | Nov. | Des. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Regionrådet<br><br>Representant-skapet<br><br>Hardanger konferansen | Torsdag 25. Granvin | | Torsdag 22. Kvam<br><br>Årsmøte | Torsdag 26. Odda | | Torsdag 14. Jondal | Torsdag 13. Ulvik | Torsdag 18. Eidfjord | | Torsdag 13. Kvam |
| Hardingtinget<br><br>Hardanger-konferansen | | Torsdag 15. Ullensvang | | | | | | | Ons-Tors 14.-15.<br><br>Hardanger-konferansen Ulvik | |

**HR-sak** **29/17 Lokal forskrift for vannskuter – Orientering om regelverk. Drøfting av vidare prosess.**

Regionrådet drøfta kva mål Hardangerregionen skal ha med ei lokal forskrift.

**Vedtak:**
Regionrådet tek orienteringa til vitande.
Administrasjonen føgjer arbeidet i KS-nettverket vidare i denne saka.

**HR-sak** **30/17 Offentlege toalett i Hardanger**
**Status – drøfting av tiltak for neste turistsesong.**

Regionrådet tilrår ein prosess der kommunane, reiselivsnæringa, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, Turistvegseksjonen samarbeider om tenlege løysingar for offentlege toalett i Hardanger. Administrasjonen tar initiativ til første fellesmøte.

**HR-sak** **31/17 Regional plan for Hardangervidda**
**Høyringsuttale til planprogram.**

**Vedtak:**
Dei berørte kommunane/herada gjev eigne uttalar i saka.

**HR-sak** **32/17 Hardingtokt 2017 – Søknad om støtte.**

**Vedtak:**
Hardangerrådet støttar HardingTokt 2017 med kr 20.000. Løyvinga vert dekka gjennom restmidlar Regionalt Næringsfond Hardanger.

**HR-sak** **33/17 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.**

Kvam:

- Sak om offentlege innkjøp. Gjeld innkjøp av mat til kommunale institusjonar.

Kommunesamanslåing til Ullensvang kommune:

- Permanent fellesnemnd har starta sitt arbeid.

Kommunesamanslåing til Nye Voss:

- Er i gang med prosess for rekruttering av prosjektleiar som skal verta ny rådmann.
- Skal utarbeia felles kommuneplan (Samfunnsdel).
- Har utarbeidd ROS-analyse for prosessen.

**HR-sak** **34/17 Orienterings- og drøftingssaker – Saker innmelde ved starten av møtet**

- Filmopptak i Hardanger. Midlar frå kommunane ?
  - Ullensvang har motteke søknad om støtte. Ulvik og Eidfjord har løyvd kr 50.000 kvar.
- Vigsel hos ordførar – krav til opplæring, lokale o.a.
  - Formelle krav til denne oppgåva vart drøfta.
    Kjem det noko initiativ frå Fylkesmannen ?
    Tingretten vert invitert til å koma i neste regionrådsmøte for å orientera om prosedyrer knytt til denne ordninga.
- Samling Hardanger og Sunnhordland ifm. Solstrandsamlinga til Fylkesmannen
  - Felles middag tysdag 20.30, møte onsdag 09.00 – 12.00
- Søknad frå Kvinnherad kommune om medlemskap i RHF.
  - Positiv haldning frå Hardangerkommunane
- Stenging av Hardangerbrua ifm. Filmopptak
  - Hardangerrådet tek ikkje stilling til handsaming av slike søknader.

**Møteboka godkjent 14.09.2017.**

Jon Larsgard
Rådsordførar

Anved Johan Tveit
Rådsmedlem

Solfrid Borge
Rådsmedlem